



**Arkiv:** PLANID-2022010,  
PLANNAMN-  
etaljregulering for  
Stad skipstunnel, FA-  
L13, FA-L12

**JournalpostID:** 26/22835

**Saksbehandlar:** Gry Otneim  
Leikanger

**Dato:** 28.04.2026

## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
26/056	Stad formannskap	07.05.2026

### Detaljregulering for Stad skipstunnel - Planendring i medhald av Plan- og bygningslova § 12-14 andre ledd - Vedtak

#### Bakgrunn for saka:

COWI har på vegne av Kystverket søkt om mindre endring av Detaljregulering for Stad skipstunnel med planID 2022010.

COWI opplyser at bakgrunnen for planendringa er at:

*I forbindelse med arbeidet med rammesøknad for tiltakene som inngår i totalentreprisen for Stad skipstunnel har det blitt avdekket en del uklarheter i gjeldende reguleringsplaner for Stad skipstunnel (planID: 2022010), Kjøde næringsområde (planID: 2022013) og Lesto næringsområde (planID: 2022014). Dessuten har prosjektet modnet noe med en videre analyse av sikkerhet ved seiling og utforming av entringsområdene har derfor blitt noe justert i forhold til hva som ligger til grunn i Detaljreguleringsplan for Stad skipstunnel.*

*Det er også avdekket behov for større fleksibilitet i etablering av anleggsveger i Kjødepollen. Alle disse forholdene har ført til et ønske om å gjøre mindre endringer i de overnevnte reguleringsplanene. Dette er for det meste mindre redaksjonelle endringer, og det er få av disse punktene som har betydning for det ferdige anlegget.*

Kystverket fremjar forslag om administrative endringar til alle tre planane. Denne saka er avgrensa til endring av detaljregulering for Stad skipstunnel etter forenkla prosess, medhald av Plan- og bygningslova § 12-14 andre ledd. Vedtak om mindre endringar av detaljreguleringsplanar er delegert til kommunedirektøren på visse vilkår, men sidan Stad skipstunnel er eit omfattande samferdsleprosjekt med stor interesse for ålmenta og verknadar for den kommunale drifta, vert saka lagt fram for Stad formannskap som planmynde for vedtak.

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-14 andre ledd vert mindre endring av detaljregulering for Stad skipstunnel med planID 2022010 vedteken.

#### Vedlegg i saka:

28.04.2026	Reguleringsendring_Beskrivelse_Stad skipstunnel_25.02.2026	1848054
28.04.2026	Stad skipstunnel_reviderte føresegner_28.04.2026	1848038
28.04.2026	Plankart_Stad skipstunnel_25.02.2026	1848055
28.04.2026	Detaljregulering for Stad skipstunnel - Mindre endring av plan - Vurdering av merknadar	1848039
28.04.2026	Fråsegn til endring av plan etter forenkla prosess - detaljregulering for Stad skipstunnel - planID 2022010 - Stad kommune	1848041
28.04.2026	Mattilsynets merknader til mindre endringer i detaljregulering for Stad skipstunnel	1848043
28.04.2026	Fråsegn - mindre endring - reguleringsplan - endring - Stad skipstunnel - plan-id 2022010	1848042
28.04.2026	NVE sin uttale - Ingen merknad - Endring etter forenkla prosess - Detaljregulering for Stad skipstunnel - Stad kommune	1848044
28.04.2026	Uttale - Detaljregulering for Stad skipstunnel - Mindre endring av reguleringsplan i medhald av pbl. § 12-14 - Høyring - Stad kommune	1848045
28.04.2026	Kulturmiljøfagleg fråsegn - Høyring - mindre endring av reguleringsplan - detaljregulering for Stad skipstunnel - planID 2022010 - Stad kommune	1848046
28.04.2026	Referat frå møte 25.03.2026 - Endring av rekkefølgekrav - Detaljreguleringsplan Stad skipstunnel	1848040
28.04.2026	Reguleringsendring_Stad skipstunnel__VN1_NTM5_25.02.2026	1848047
28.04.2026	Reguleringsendring_Stad skipstunnel__VN2_NTM5_25.02.2026	1848048
28.04.2026	Reguleringsendring_Stad skipstunnel__VN4_NTM5_25.02.2026	1848049
28.04.2026	26/16336 Krav om utbetring av Eide-krysset knytt til detaljreguleringsplanane Stad skipstunnel og Lesto næringsområde - Stad kommune	1848050
28.04.2026	Krav om utbetring av Eide-krysset knytt til detaljreguleringsplanane Stad skipstunnel og Lesto næringsområde - Stad(986557)	1848051
28.04.2026	Notat om utbetring av Eide-krysset.pdf(986558)	1848052
28.04.2026	Oversendelse reguleringsendring etter forenklet prosess for Stad skipstunnel	1848053
28.04.2026	A12-NOT-YM-00001 Sjøfylling entr Moldefjorden	1848061

#### **Stad formannskap 07.05.2026:**

#### **Handsaming:**

Det vart røysta over kommunedirektøren sitt framlegg som vart samrøystes vedteke.

#### **F - 26/056 Vedtak:**

I medhald av plan- og bygningslova § 12-14 andre ledd vert mindre endring av detaljregulering for Stad skipstunnel med planID 2022010 vedteken.

### **Saksopplysningar:**

Fagkyndig plankonsulent: COWI AS

Forslagsstillar: Kystverket

Plan: Detaljregulering for Stad skipstunnel

PlanID: 2022010

Endringsframlegget omfattar endringar av plankart og føresegner. Det vert gjort greie for planendringane i dokumentet *Beskrivelse av endringer av reguleringsplan*, datert 20.02.2026. Dokumentet følgjer som vedlegg. Forslag til endringar vert referert og vurdert seinare i saksutgreiinga.

Søknaden med kommunen si vurdering har vore på høyring til sektorstyresmakter, naboar og grunneigarar som er direkte påverka i perioden 19.03-17.04.2026. Det kom inn merknad frå Hovden Senior AS. I tillegg har Statsforvaltaren, Statens vegvesen, Mattilsynet og Vestland fylkeskommune kome med fråsegner.

Fråsegner og innkomne merknadar vert referert og vurdert i dokumentet *Detaljregulering for Stad skipstunnel – Mindre endring av reguleringsplan i medhald av Plan- og bygningslova § 12-14 - Vurdering av innkomne merknadar*, datert 27.04.2026. Det vert gjort greie for merknadsvurderinga i kap. *Vurderingar* seinare i saka.

### **Kunnskapsgrunnlag**

Det er gjort greie for planstatus, rammer og føringar i kap. 4 i planomtalen for detaljregulering for Stad skipstunnel. Følgjande kunnskapsgrunnlag ligg til grunn for handsaming av søknad om mindre endring av reguleringsplan:

#### Statlege føringar:

- Statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet.
- Statlige planretningslinjer for klima og energi.
- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging.

#### Regionale føringar:

- Utviklingsplan for Vestland 2024-2028.

#### Kommunale føringar:

- Kommuneplanen sin samfunnsdel 2020-2032.
- Kommuneplanen sin arealdel for Selje 2017-2029.
- Kommunedelplan for sjøområda 2022-2032.

### **Lokalisering**

Planområdet ligg i Stad kommune, på den smalaste delen av Stadlandet. Planområdet er lokalisert innerst i fjordarmane Kjødspollen og Moldefjorden i Stad kommune (jf. Planomtalen s. 19).



Kartutsnitt frå planomtalen s. 19 som viser lokalisering av planområdet.

## Formålet med planendringa

### Planstatus

#### Overordna plan:

1. Kommuneplanen sin arealdel for Selje 2017-2029.
2. Kommunedelplan for sjøareal 2022-2032.

#### Gjeldande plan:

1. Områdeplan for Stad skipstunnel med planID
2. Detaljregulering for Stad skipstunnel med planID 2020010.

## Omfang av planendringa

### Endringar av kart:

#### MOLDEFJORDEN:

1. *Annen veggrunn – tekniske anlegg (AVT) snevres inn til å kun omfatte 3 meters belte tilhørende regulert veg o\_V2.1 (fv. 618). Arealet reguleres til annen veggrunn – grøntareal (AVG). Endringen innebærer at 460 m<sup>2</sup> AVT-formål endres til AVG-formål. Endringen medfører ikke endring av bestemmelser. Bakgrunnen for endringen er at det ikke skal tilrettelegges for annet enn ordinær vegskulder som del av fylkesvegen på strekningen. Arealet innenfor AVG-området sikrer plass til opparbeiding av tursti/passasje for kryssing av tunnelen til fots.*
2. *Formålgrensene for farled tilpasses endelig geometri. Dette gjør at også formålgrensene til kai (o\_KAI2.1 og o\_KAI2.2) justeres tilsvarende. Bakgrunnen er at nye simuleringer avdekker behov for forlenging av ledekonstruksjonen ut i dagen med 75 meter for å sikre at eventuell krenkning på skip under entring ikke fører til risiko for at brovinger støter mot portalkonstruksjonen. o\_KAI2.1 og o\_KAI2.2 gis en asymmetrisk utforming tilpasset endelig geometri som ble utledet fra skipssimuleringer gjennomført i desember. Her framkom det*

behov for å øke vinkelen på sørlig kai.

Detaljregulering for Stad skipstunnel – Utsnitt av plankart	Detaljregulering for Stad skipstunnel – Forslag til endring

**Kommunedirektøren si vurdering:**


Stad skipstunnel er eit omfattande samferdsleprosjekt og til dels eit nybrotsarbeid. Det er venta at det er behov for endringar for å tilpasse planen i høve prosjektgjennomføringa. Sidan rapportar og analysar knytt til Stad skipstunnel er dekkande for endringa, og endringa ikkje kjem i konflikt med biologisk mangfald i sjø eller andre viktige omsyn, kan endringa sjåast som mindre i medhald av Pbl. § 12-14 andre ledd.

Detaljregulering for Stad skipstunnel – Utsnitt av plankart	Detaljregulering for Stad skipstunnel – Forslag til endring
<p><i>Utklipp frå detaljregulering for Stad skipstunnel.</i></p>	<p><i>Utklipp som viser ei mindre breiddeutviding av tunnelen.</i></p>

**Kommunedirektøren si vurdering:**

Stad skipstunnel er eit omfattande samferdsleprosjekt og til dels eit nybrotsarbeid. Det er venta at det er behov for endringar for å tilpasse planen i høve prosjektgjennomføringa. Sidan rapportar og analysar knytt til Stad skipstunnel er dekkande for endringa, og endringa ikkje kjem i konflikt med biologisk mangfald i sjø eller andre viktige omsyn, kan endringa sjåast som mindre i medhald av Pbl. § 12-14 andre ledd.

Detaljregulering for Stad skipstunnel – Utsnitt av plankart	Detaljregulering for Stad skipstunnel – Forslag til endring



**Kommunedirektøren si vurdering:**

Stad skipstunnel er eit omfattande samferdsleprosjekt og til dels eit nybrotsarbeid. Det er venta at det er behov for endringar for å tilpasse planen i høve prosjektgjennomføringa. Sidan rapportar og analysar knytt til reguleringsplan for Stad skipstunnel er dekkande for endringa, og endringa ikkje kjem i konflikt med biologisk mangfald i sjø eller andre viktige omsyn, kan endringa sjåast som mindre i medhald av Pbl. § 12-14 andre ledd.

Endringar av kart i vertikalnivå 4:

*I vertikalnivå 4 utvides formålsgrensen for å maksimere handlingsrommet for motfyllingen innanfor planen.*

- 1.

<p><b>Detaljregulering for Stad skipstunnel – Utsnitt av plankart</b></p>	<p><b>Detaljregulering for Stad skipstunnel – Forslag til endring</b></p>
<p><i>Kartutsnitt, detaljregulering for Stad skipstunnel.</i></p>	<p><i>Utklipp av forslag til endret reguleringsplan. Blå linje viser endringer fra gjeldende regulering.</i></p>

**Kommunedirektøren si vurdering:**



Sidan det er uklart om rapportar og analysar knytt til Stad skipstunnel er dekkande for endringa, og om endringa kjem i konflikt med biologisk mangfald i sjø eller andre viktige omsyn, kan ikkje endringa sjåast som mindre i medhald av Pbl. § 12-14 andre ledd. Denne endringa må inngå i planrevisjon i medhald av Plan- og bygningslova § 12-14 første ledd.

**KJØDE:**

1. *Formålsgrensene for farled tilpasses endelig geometri, slik som i Moldefjorden. Dette gjør at*

også formålsgransene til kai (o\_KAI1.1 og o\_KAI1.2) justeres tilsvarende. Det er samme årsak som i Moldefjorden, og i Kjøddepollen har dette også medført en økning i portalbredden på 4 meter. Videre er entringskaier tilpasset anbefalt løsning etter oppdatert risikoanalyse.



2. Videre er formålsområdet H1.2b slått sammen med H1.2. Ved formål UNB1.2 trekkes midlertidig bygge- og anleggsområde ned til sjøkanten for å kunne ilandføre sjøledning. Dette påvirker bare LNFRområdet nordøst for naustene frem til permanent landtak er etablert på ny sjøfylling.
- 3.

Detaljregulering for Stad skipstunnel – Utsnitt av plankart	Detaljregulering for Stad skipstunnel – Forslag til endring
	

**Kommunedirektøren si vurdering:**

Stad skipstunnel er eit omfattande samferdsleprosjekt og til dels eit nybrottsarbeid. Det er venta at det er behov for endringar for å tilpasse planen i høve prosjektgjennomføringa.

Sidan rapportar og analysar knytt til Stad skipstunnel er dekkande for endringa, og endringa ikkje kjem i konflikt med biologisk mangfald i sjø eller andre viktige omsyn, kan endringa sjåast som mindre i medhald av Pbl. § 12-14 andre ledd.



Detaljregulering for Stad skipstunnel – Utsnitt av plankart	Detaljregulering for Stad skipstunnel – Forslag til endring
	
<p><i>Utklipp frå detaljregulering for Stad skipstunnel.</i></p>	<p><i>Utklipp av forslag til endret reguleringsplan. Blå linjer er grenser for midlertidig bygge- og anleggsområder fra gjeldende reguleringsplan og viser de foreslåtte endringene.</i></p>

**Kommunedirektøren si vurdering:**

Dersom det ikkje ligg føre vesentlege merknadar frå eigarar av naustområda eller at endringa er i strid med avtalar mellom grunneigarar og Kystverket, kan endringa sjåast som mindre i medhald av Plan- og bygningslova § 12-14 andre ledd.

- *Det skal tilrettelegges for en alternativ/supplerende trasé for dumper-trafikk fra nedre del av anleggsområdet. Denne vil knyttes til allerede planlagt trasé langs fylkesvegen på Gbnr. 202/3. Areal for midlertidig bygge- og anleggsområde (#A) må endres, og dette er avklart med*

grunneierne.

Detaljregulering for Stad skipstunnel – Utsnitt av plankart	Detaljregulering for Stad skipstunnel – Forslag til endring
	
<p><i>Utklipp frå detaljregulering for Stad skipstunnel</i></p>	<p><i>Utklipp av forslag til endret reguleringsplan. Blå linjer er grenser for midlertidig bygge- og anleggsområder fra gjeldende reguleringsplan og viser de foreslåtte endringene.</i></p>

### Kommunedirektøren si vurdering:

Endringa må innarbeidast i anleggsnotatet.

Dersom det ikkje ligg føre vesentlege merknadar frå naboar, eller at endringa er i strid med avtalar mellom grunneigarar og Kystverket, kan endringa sjåast som mindre i medhald av Plan- og bygningslova § 12-14 andre ledd.

1. *Det er også gjort mindre endringer i vertikalnivå 1 – under grunnen (tunnel) og 4 – på bunnen (vann/sjø). I vertikalnivå 1 tilpasses formålsgrensene slik at disse sammenfaller med formålsgrensene i vertikalnivå 2 (se figur 1-5, herunder tilrettelegging for en utvidelse av bredden på tunnelen på 2-4 meter de første hundre meterne fra portalen i Kjødepollen. I vertikalnivå 4 (figur 1-6) utvides formålsgrensen for å maksimere handlingsrommet for motfyllingen innenfor planen. Alt berørt sjøareal er tidligere undersøkt og dokumentert. Tiltaket har ingen ytterligere negative konsekvenser for bunnfauna utover det som skyldes fyllingen i utgangspunktet.*

### Endringar av føresegner

Planføresegner	
Gjeldande føresegner	Forslag til reviderte føresegner
<p><b>2.11 Arkitektur, estetikk og kvalitet</b> <i>Tiltak knytt til opparbeiding av Stad skipstunnel skal prosjekterast og utførast med høg materialkvalitet, slik at dei får god arkitektonisk utforming og funksjon. Val av utforming og løysingar skal arkitektonisk gjerast reda for ved søknad om rammeløyve. Designmanual for Stad skipstunnel datert 04.07.2024 skal leggjast til grunn ved utforming. Tunnelen skal stå fram som eit tydeleg visuelt landemerke i høve til terrassert</i></p>	<p><b>2.11 Arkitektur, estetikk og kvalitet</b> <i>Tiltak knytt til opparbeiding av Stad skipstunnel skal prosjekterast og utførast med høg materialkvalitet, slik at dei får god arkitektonisk utforming og funksjon. Val av arkitektonisk utforming og løysingar skal <b>gå fram av</b> gjerast reda for ved søknad om rammeløyve. Designmanual for Stad skipstunnel datert 04.07.2024 skal leggjast til grunn ved utforming. <b>så langt det ikkje er i strid med føresegnene her.</b> Tunnelen skal stå fram som eit tydeleg visuelt landemerke i høve til terrassert sideterreng og</i></p>

<p>sideterreng og landskap. Tunnelens frontvegger skal ha i heildekkande overflate og avsluttast mot terrassert sideterreng. Materialbruk for frontveggene skal ha varig og funksjonell kvalitet egna for stadens kystklima. Det skal ikkje nyttast sprøytebetong utan at dette er nødvendig av stabilitetsmessige omsyn. Der sprøytebetong vert nytta skal denne forblendast med materiale i medhald av Designmanual for Stad skipstunnel datert 04.07.2024.</p>	<p>landskap. <i>Reglane om utforming av tunnelens frontvegg i designmanualen gjeld ikkje. Det skal ikkje nyttast sprøytebetong utan at dette er nødvendig av stabilitetsmessige omsyn.</i></p>
---	--

**Kommunedirektøren si vurdering:**

Kommunedirektøren ser ikkje at setninga «Der sprøytebetong vert nytta skal denne forblendast med materiale i medhald av Designmanual for Stad skipstunnel datert 04.07.2024» kan misforståast. Intensjonen med føresegna var at Kystverket ville sikre at tunnelen skal stå fram som eit *tydeleg visuelt landemerke i høve til terrassert sideterreng og landskap*. Utstrekt bruk av sprøytebetong vil bryte med staden sin identitet og eigenart. Føresegna sikrar allereie at sprøytebetong kan nyttast dersom det er naudsynt for å sikre stabilitet.

Kommunedirektøren opnar for mindre endring av føresegn 2.11, men har lagt fram forslag til justering av føresegna i kolonne 2 over. Kommunedirektøren kan m.a ikkje opne for at *Reglane om utforming av tunnelens frontvegg i designmanualen gjeld ikkje*.

Kommunedirektøren vurderer at sprøytebetong og rå fjellskjering kan nyttast som alternativ til natursteinsmur, dersom det vert dokumentert at det er naudsynt av stabilitetsmessige omsyn.

Med atterhald i at føresegn 2.11 vert endra i tråd med revidert føresegn over, opnar kommunedirektøren for mindre endring i medhald av Pbl. § 12-14 andre ledd.

<b>Planføresegner</b>	
<b>Gjeldande føresegner</b>	<b>Forslag til reviderte føresegner</b>
<p><b>2.16 Landskap og terreng</b></p> <p><i>Terrenginngrep knytt til opparbeiding av Stad skipstunnel skal tilpassast mot tilgrensande terreng, slik at overgangen vert naturleg. Det skal nyttast stadeigen vegetasjon ved opparbeiding og revegetering. Murar bør vere i naturstein og ha ei heilskapleg utforming. Støttemurar, natursteinmurar og andre murar skal førast opp i samsvar med krav og tilrådingar i Statens vegvesen sine handbøker. Det skal ikkje nyttast sprøytebetong utan at dette er naudsynt av omsyn til stabilitet. Der sprøytebetong vert nytta skal denne forblendast med materiale i medhald av Designmanual for Stad skipstunnel datert 04.07.2024.</i></p>	<p><b>2.16 Landskap og terreng</b></p> <p><i>Terrenginngrep knytt til opparbeiding av Stad skipstunnel skal tilpassast mot tilgrensande terreng, slik at overgangen vert naturleg. Det skal nyttast stadeigen vegetasjon ved opparbeiding og revegetering. Murar bør vere i naturstein og ha ei heilskapleg utforming. Støttemurar, natursteinmurar og andre murar skal førast opp i samsvar med krav og tilrådingar i Statens vegvesen sine handbøker. Det skal ikkje nyttast sprøytebetong utan at dette er naudsynt av omsyn til stabilitet.</i></p>

**Kommunedirektøren si vurdering:**

Viser til vurdering for endring av føresegn 2.11 over.

Kommunedirektøren for mindre endring i medhald av Pbl. § 12-14 andre ledd.

Planføresegner	
Gjeldande føresegner	Forslag til reviderte føresegner
<p><b>4.2.5 – Annan veggrunn – grøntareal (AVG)</b> Anna veggrunn omfattar trapper, gangveg, gangstiar, stiar, skråningar, skjeringar, murar og andre sideareal til veg og skipsportalane. Det er tillat med bygging av sikringskonstruksjonar for skipsportalane i området. Det er tillat med etablering av brufundament knytt til veg o_V2.1.</p> <p>Området kan nyttast som mellombels bygge- og anleggsområde i realiseringa av Stad skipstunnel. Det kan etablerast mellombels anleggsveg i området etter løyve frå vegmynde.</p> <p>Ved annan bruk av arealet, må det søkast om løyve frå vegmynde. Dette gjeld også for bygge- og anleggsfasen.</p> <p>Sikt- og tryggingssoner langs vegen må oppretthaldast. Nødvendige anlegg og mindre tekniske bygg som har med drift av skipstunnelen, kan etablerast i føremålet. Det same gjeld for navigasjonsanlegg, lys med meir. Tekniske bygg skal integrerast i sidepall til skipsportalane, BYA= maks 200 m<sup>2</sup> pr. bygg. Fjellskjeringar mot tunnelpåslaga skal sikrast med gjerde. Det kan etablerast viltgjerde.</p> <p>Det er tillat å forbetre på gangveg (o_GG1.1) ved å justere utforming og plassering gjennom detaljprosjektering.</p> <p>Eksisterande traktorveg bak UNB1.2 kan rustast opp med grus.</p> <p>Før det blir sett i verk tiltak innanfor AVG (gnr. 205, bnr.2) skal det gjennomførast arkeologisk utgraving av det automatisk freda kulturminnet, Askeladden id. 298082 som er markert som område for føresegn #1.6. Tiltakshavaren skal ta kontakt med Vestland fylkeskommune i god tid før tiltak etter planen skal gjennomførast, slik at omfanget av den arkeologiske granskinga kan fastsetjast. Sjå punkt 2.1, 4.2.4, 4.3.1, 8.1 og 8.3.</p>	<p><b>4.2.5 – Annan veggrunn – grøntareal (AVG)</b> Anna veggrunn omfattar trapper, gangveg, gangstiar, stiar, skråningar, skjeringar, murar og andre sideareal til veg og skipsportalane. Det er tillat med bygging av sikringskonstruksjonar for skipsportalane i området. Det er tillat med etablering av brufundament knytt til veg o_V2.1.</p> <p>Området kan nyttast som mellombels bygge- og anleggsområde i realiseringa av Stad skipstunnel. <i>Det kan etablerast mellombels anleggsveg i området. Avkøyrse til offentleg veg kan berre etablerast etter løyve frå vegmynde.</i></p> <p>Ved annan bruk av arealet innanfor byggegrensa mot offentleg veg, må det søkast om løyve frå vegmynde. Dette gjeld også for bygge- og anleggsfasen.</p> <p>Sikt- og tryggingssoner langs vegen må oppretthaldast. Nødvendige anlegg og mindre tekniske bygg som har med drift av skipstunnelen, kan etablerast i føremålet. Det same gjeld for navigasjonsanlegg, lys med meir. Tekniske bygg skal integrerast i sidepall til skipsportalane, BYA= maks 200 m<sup>2</sup> pr. bygg. Fjellskjeringar mot tunnelpåslaga skal sikrast med gjerde. Det kan etablerast viltgjerde.</p> <p>Det er tillat å forbetre på gangveg (o_GG1.1) ved å justere utforming og plassering gjennom detaljprosjektering.</p> <p>Eksisterande traktorveg bak UNB1.2 og tilliggjande LNFR-område kan rustast opp med grus.</p> <p>Før det blir sett i verk tiltak innanfor AVG (gnr. 205, bnr.2) skal det gjennomførast arkeologisk utgraving av det automatisk freda kulturminnet, Askeladden id. 298082 som er markert som område for føresegn #1.6. Tiltakshavaren skal ta kontakt med Vestland fylkeskommune i god tid før tiltak etter planen skal gjennomførast, slik at</p>

	omfanget av den arkeologiske granskninga kan fastsetjast. Sjå punkt 2.1, 4.2.4, 4.3.1, 8.1 og 8.3.
<p><b>Kommunedirektøren si vurdering:</b></p> <p>Kommunedirektøren er samd i COWI si presisering av føresegna. Det er ein intensjon ved planen at ein kan etablere i mellombelse anleggsveggar i arealformål AVG, men dersom ein slik anleggsveg skal ha tilkomst til offentlig veg, må det ligge føre avkøyrsløype frå Vestland fylkeskommune som vegmynde.</p> <p>Kommunedirektøren vurderer at endringa av føresegn 4.2.5 kan handsamast som mindre endring i medhald av Pbl. 12-14 andre ledd.</p>	

Planføresegner	
Gjeldande føresegner	Forslag til reviderte føresegner
<p><b>4.2.6 2040 – Hamn (H1.1 - H1.3)</b></p> <p><i>Designmanual for Stad skipstunnel skal leggjast til grunn ved utforming av området, jf. punkt 2.7.</i></p> <p><u>H1.1</u></p> <p><i>Sjøområdet mellom KBA1.1 og UNB1.1 kan nyttast som båtopptrekk slik som i dag. Båtopptrekket skal vere allment tilgjengeleg. Det er tillate med skråningsutslag frå UNB1.1 i området.</i></p> <p><u>H1.2</u></p> <p><i>Hamneområdet kan nyttast til parkering, teknisk bygg, båtgarasje, servicebygg, grøntareal/voll, gangstiar og tilkomst til kaiområde. Utnytting %BYA = 12 Byggehøgder etter gjeldande teknisk forskrift.</i></p> <p><i>Innanfor områda skal det vera eit disponibelt ope og fritt areal på minimum 1,0 daa som skal nyttast ved evakuering / ulykke i skipstunnel.</i></p> <p><i>Regulert grense for H1.2 syner regulert sjølinje kote 0 (NN2000). Vidare skråningsutslag for fyllingsfot kan leggast i tilgrensande sjøareal.</i></p> <p><u>H1.3</u></p> <p><i>Hamneområde som kan nyttast til parkering, teknisk bygg, nærmiljøanlegg, grøntareal/voll og gangstiar.</i></p> <p><i>Utnytting %BYA = 12 Mønehøgda skal ikkje overstige 5</i></p>	<p><b>4.2.6 2040 – Hamn (H1.1 - H1.3)</b></p> <p><i>Designmanual for Stad skipstunnel skal leggjast til grunn ved utforming av området, jf. punkt 2.7.</i></p> <p><u>H1.1</u></p> <p><i>Sjøområdet mellom KBA1.1 og UNB1.1 kan nyttast som båtopptrekk slik som i dag. Båtopptrekket <b>med tilkomst</b>, skal vere allment tilgjengeleg. Det er tillate med skråningsutslag frå UNB1.1 i området.</i></p> <p><u>H1.2</u></p> <p><i>Hamneområdet kan nyttast til parkering, teknisk bygg, båtgarasje, servicebygg, grøntareal/voll, gangstiar og tilkomst til kaiområde. Utnytting %BYA = 12% Byggehøgder etter gjeldande teknisk forskrift.</i></p> <p><i>Innanfor områda skal det vera eit disponibelt ope og fritt areal på minimum 1,0 daa som skal nyttast ved evakuering / ulykke i skipstunnel.</i></p> <p><i>Regulert grense for H1.2 syner regulert sjølinje kote 0 (NN2000). Vidare skråningsutslag for fyllingsfot kan leggast i tilgrensande sjøareal.</i></p> <p><u>H1.3</u></p> <p><i>Hamneområde som kan nyttast til parkering, teknisk bygg, nærmiljøanlegg, grøntareal/voll og gangstiar.</i></p> <p><i>Utnytting %BYA = 12 Mønehøgda skal ikkje overstige 5 meter.</i></p> <p><i>Parkering for naustområde UNB1.2 kan etablerast innanfor føremålet.</i></p> <p><i><b>Regulert grense for H1.3 syner regulert sjølinje kote 0 (NN2000). Vidare skråningsutslag for fyllingsfot kan leggast i tilgrensande sjøareal.</b></i></p>

meter.	
Parkering for naustområde UNB1.2 kan etablerast innanfor føremålet.	
<p><b>Kommunedirektøren si vurdering:</b>  Kystverket ynskjer å slå saman H1.2b med H1.2, og alle element i føresegn for h1.2b er overført til føresegn for H1.2. Endringa medfører mindre endringar av både kart og føresegn.</p> <p>Kommunedirektøren vurderer at endringa kan handsamast som mindre endring i medhald av Pbl. 12-14 andre ledd.</p>	

Planføresegner	
Gjeldande føresegner	Forslag til reviderte føresegner
<p><b>4.2.7 2041 – Kai (KAI1.1, KAI1.2, KAI1.3, KAI2.1, KAI2.2, KAI2.3)</b>  Områda skal nyttast som kai. Det kan etablerast naudkøyreadkomst for utrykningskøyretøy fram til kai frå tilgrensande føremål. Byggjegrænse går i føremålsgrensa.</p> <p>KAI1.1 -1.2 og KAI2.1 -2.2  Nødvendige anlegg, samt mindre tekniske bygningar som har med drift av tunnelen, kan etablerast på kaiane. Det same gjeld for navigasjonsanlegg, lys med meir. Det tillatast justeringar av byggjegrænse og føremålsgrense imot tilgrensande sjøareal for naudsynte tilpassingar av kaifront mot sjø. Kaiane kan stengast av med gjerde. Tekniske bygg skal integrerast i sidepall til skipsportalane, BYA= maks 200 m<sup>2</sup> pr. bygg.</p> <p>KAI1.3  Område skal nyttast til kai for næringsområde KBA1.1.</p> <p>KAI2.3  Området skal nyttast til kai for anløp av hurtigbåt. Ny kai skal ha maksimalt topp kaidekke på kote + 3,5 moh.  Maksimal dimensjon på kai er L= 40 meter, B= 10 meter.  Djupne ved kaifront skal vera minimum - 6 meter.  Kai kan utformast som flyteinstallasjon.  Kaie skal plasserast i samråd med hurtigbåtselskap.  Areal som ikkje inngår til kai skal inngå i bruk og vern av sjø og vassdrag (BSV2.2) eller i</p>	<p><b>4.2.7 2041 – Kai (KAI1.1, KAI1.2, KAI1.3, KAI2.1, KAI2.2, KAI2.3)</b>  Områda skal nyttast som kai. <i>Det skal etablerast køyretilkomst for vedlikehalds- og utrykningskøyretøy fram til kai frå tilgrensande føremål. Byggjegrænse går i føremålsgrensa.</i></p> <p>KAI1.1 -1.2 og KAI2.1 -2.2  Nødvendige anlegg, samt mindre tekniske bygningar som har med drift av tunnelen, kan etablerast på kaiane. Det same gjeld for navigasjonsanlegg, lys med meir. Det tillatast justeringar av byggjegrænse og føremålsgrense imot tilgrensande sjøareal for naudsynte tilpassingar av kaifront mot sjø, <i>samt mot tilgrensande AVG-areal for å ivareta estetiske og tekniske omsyn ved etablering av terrassar.</i> Kaiane kan stengast av med gjerde.  Tekniske bygg skal integrerast i sidepall til skipsportalane, BYA= maks 200 m<sup>2</sup> pr. bygg.</p> <p>KAI1.3  Område skal nyttast til kai for næringsområde KBA1.1.</p> <p>KAI2.3  Området skal nyttast til kai for anløp av hurtigbåt. Ny kai skal ha maksimalt topp kaidekke på kote + 3,5 moh.  Maksimal dimensjon på kai er L= 40 meter, B= 10 meter.  Djupne ved kaifront skal vera minimum - 6 meter.  Kai kan utformast som flyteinstallasjon.  <i>Kaia</i> skal plasserast i samråd med</p>

<p>kombinert byggje- og anleggsområde (KBA2.2).</p>	<p>hurtigbåtselskap. Areal som ikkje inngår til kai skal inngå i bruk og vern av sjø og vassdrag (BSV2.2) eller i kombinert byggje- og anleggsområde (KBA2.2).</p>
<p><b>Kommunedirektøren si vurdering:</b> Kystverket vil sikre tilkomst for vedlikehaldskøyretøy i tillegg til utrykkingskøyretøy i føresegn 4.2.7. Endringa utløyser ikkje endring av plankart. Kommunedirektøren vurderer at endringa kan handsamast som mindre endring i medhald av Plan- og bygningslova § 12-14 andre ledd.</p>	

Planføresegner	
Gjeldande føresegner	Forslag til reviderte føresegner
<p><b>4.4.1 – Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (BSV)</b> Område som skal sikre ferdsel, farled, drikkevatn, og natur- og friluftsområde.</p>	<p><b>4.4.1 – Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (BSV)</b> Område som skal sikre ferdsel, farlei, drikkevatn, og natur- og friluftsområde. <i>Det tillatast justeringar av byggjegrænse og føremålsgrænse imot tilgrensande farlei og kaiområde for naudsynte tilpassingar av kaifront mot sjø.</i></p>
<p><b>Kommunedirektøren si vurdering:</b> Ordlyden i føresegna er presisert med følgjande tillegg: «Det tillatast justeringar av byggjegrænse og føremålsgrænse imot tilgrensande farlei og kaiområde for naudsynte tilpassingar av kaifront mot sjø».  Kart: Utløyser ikkje endring av plankart.  Kommunedirektøren vurderer at endringa handsamast som mindre endring i medhald av Plan- og bygningslova § 12-14 andre ledd.</p>	

Planføresegner	
Gjeldande føresegner	Forslag til reviderte føresegner
<p><b>4.4.2 6200 – Farleier (o_FA1.1 og o_FA2.1)</b> Offentleg seglingsled (transportåre) for å sikre leia til skipstunnelen. Minimum utdjuping til kote – 13,25 (NN2000).</p>	<p><b>4.4.2 6200 – Farleier (o_FA1.1 og o_FA2.1)</b> Offentleg seglingsled (transportåre) for å sikre leia til skipstunnelen. Minimum utdjuping til kote – 13,25 (NN2000).  <i>Det tillatast justeringar av føremålsgrænse imot tilgrensande sjøareal og kaiområde for naudsynte tilpassingar av kaifront mot sjø og for å sikre trygg ferdsel til sjøs.</i></p>
<p><b>Kommunedirektøren si vurdering:</b> Ordlyden i føresegna er presisert med følgjande tillegg: «Det tillatast justeringar av føremålsgrænse imot tilgrensande sjøareal og kaiområde for naudsynte tilpassingar av kaifront mot sjø og for å sikre trygg ferdsel til sjøs.»  Dette korresponderer med tilsvarende bestemmelse i 4.2.7 og i forslag til endring i 4.4.1.</p>	

Kart: Utløyser ikkje endring av plankart.

Kommunedirektøren vurderer at endringa handsamast som mindre endring i medhald av Plan- og bygningslova § 12-14 andre ledd.

<b>Planføresegner</b>	
<b>Gjeldande føresegner</b>	<b>Forslag til reviderte føresegner</b>
<p><b>8.1 Midlertidig bygge – og anleggsområde (vertikalnivå 1, 2 og 4)</b> Områda innanfor #2.1, #A og #B kan nyttast av verksemder for realisering av skipstunnelen, og tilhøyrande naudsynt oppgradering av veg.</p> <p>I områda kan det vere mellombels bygningar (brakker) og anlegg, riggområde, lagring av massar m.m. I anleggstida kan det leggjast ut mellombels fyllingar i sjø.</p> <p>Midlertidig bygge og anleggsområde er lagt over ulike føremål for å sikre gjennomføring av Stad skipstunnel-prosjektet. Forslag til prosjektgjennomføring går fram av anleggsnotatet. Det må føreligge løyve frå vegeigar dersom det skal gjerast tiltak knytt til fylkesveg 618 og fv. 620.</p> <p>Oppfylling av småbåthamn SH1.1 og SH2.1 skal etterpå fjernast ned til min kote -5 (NN2000). Oppfylling av farled FA1.1 og FA2.1 skal etterpå fjernast ned til min. kote – 13,25 (NN2000)</p> <p>Før det blir sett i verk tiltak innanfor #B (gnr./bnr. 205/10 og 204/3) og #A (gnr./bnr. 205/2 og 204/3 skal det gjennomførast arkeologisk utgraving av dei automatisk freda kulturminna, Askeladden id. 298082, 298084, og 298119 som er markert som område for føresegn #1.6, #1.5 og #1.4.</p> <p>Tiltakshavaren skal ta kontakt med Vestland fylkeskommune i god tid før tiltak etter planen skal gjennomførast, slik at omfanget av den arkeologiske granskinga kan fastsetjast. Sjå punkt 2.1, 4.2.4, 4.2.5 og 8.3.</p> <p>Før anleggsområda vert tekne i bruk skal</p>	<p><b>8.1 Midlertidig bygge – og anleggsområde (vertikalnivå 1, 2 og 4)</b> Områda innanfor #2.1, #A og #B kan nyttast av verksemder for realisering av skipstunnelen, og tilhøyrande naudsynt oppgradering av veg.</p> <p>I områda kan det vere mellombels bygningar (brakker) og anlegg, riggområde, lagring av massar m.m. I anleggstida kan det leggjast ut mellombels fyllingar i sjø.</p> <p>Midlertidig bygge og anleggsområde er lagt over ulike føremål for å sikre gjennomføring av Stad skipstunnel-prosjektet. Forslag til prosjektgjennomføring går fram av anleggsnotatet. Det må føreligge løyve frå vegeigar dersom det skal gjerast tiltak knytt til fylkesveg 618 og fv. 620.</p> <p>Oppfylling av småbåthamn SH1.1 og SH2.1 skal etterpå fjernast ned til min kote -5 (NN2000). Oppfylling av farled FA1.1 og FA2.1 skal etterpå fjernast ned til min. kote – 13,25 (NN2000).</p> <p>Før det blir sett i verk tiltak innanfor #B (gnr./bnr. 205/10 og 204/3) og #A (gnr./bnr. 205/2 og 204/3 skal det gjennomførast arkeologisk utgraving av dei automatisk freda kulturminna, Askeladden id. 298082, 298084, og 298119 som er markert som område for føresegn #1.6, #1.5 og #1.4. Tiltakshavaren skal ta kontakt med Vestland fylkeskommune i god tid før tiltak etter planen skal gjennomførast, slik at omfanget av den arkeologiske granskinga kan fastsetjast. Sjå punkt 2.1, 4.2.4, 4.2.5 og 8.3.</p> <p>Før anleggsområda vert tekne i bruk skal dei sikrast på forsvarleg måte. Det skal gjennomførast kartlegging for naturmangfald for område som vert nytta. Områda skal tilbakeførast innan 1 år etter at Stad skipstunnel er opna.</p>

dei sikrast på forsvarleg måte. Det skal gjennomførast kartlegging for naturmangfald for område som vert nytta. Områda skal tilbakeførast innan 1 år etter at Stad skipstunnel er opna.

Før del av midlertidig bygge- og anleggsområde som omfattar KAI 1.3 kan nyttast, skal det skal vera gitt skriftleg varsel, seinast 1 måned før anleggsstart.

**Mellombels trase for fylkesveg 618 (#2.1)**

Område #2.1 kan nyttast til omlegging av fylkesveg 618 i anleggsperioden.

Fylkesvegen skal leggast i kulvert slik at anleggstrafikken ikkje skal krysse over fylkesvegen.

Midlertidig omlagd fv.618 skal ha fullgod vegstandard som nybygd veg med fast dekke, i samsvar med krav i handbok N100.

Vegen skal sikrast for utforkøyringar iht. N101 Trafikksikkert sideterreng og vegsikringsutstyr.

Det skal føreliggja plan for utforming og plassering av mellombels FV618 (interimsveg). Sjå punkt 11.2 og anleggsnotat.

**Midlertidig bygge- og anleggsområde (#A)**

Etter ferdig anleggsbruk skal områda førast attende til bruksformål og utforming slik plankartet viser.

**Midlertidig bygge- og anleggsområde (#B)**

Etter ferdig anleggsbruk skal områda inkludert underliggjande LNFR-føremål førast attende til bruksformål i gjeldande overordna plan.

Før del av midlertidig bygge- og anleggsområde som omfattar KAI 1.3 kan nyttast, skal det skal vera gitt skriftleg varsel, seinast 1 måned før anleggsstart.

**Mellombels trase for fylkesveg 618 (#2.1)**

Område #2.1 kan nyttast til omlegging av fylkesveg 618 i anleggsperioden. *Den mellombelse fylkesvegen skal ha planfri kryssing av anleggstrafikk.*

Midlertidig omlagd fv.618 skal ha fullgod vegstandard som nybygd veg med fast dekke, i samsvar med krav i handbok N100.

Vegen skal sikrast for utforkøyringar iht. N101 Trafikksikkert sideterreng og vegsikringsutstyr. Det skal føreliggja plan for utforming og plassering av mellombels FV618 (interimsveg). Sjå punkt 11.2 og anleggsnotat.

**Midlertidig bygge- og anleggsområde (#A)**

Etter ferdig anleggsbruk skal områda førast attende til bruksformål og utforming slik plankartet viser.

**Midlertidig bygge- og anleggsområde (#B)**

Etter ferdig anleggsbruk skal områda inkludert underliggjande LNFR-føremål førast attende til bruksformål i gjeldande overordna plan.

Planføresegner	
Gjeldande føresegner	Forslag til reviderte føresegner
<b>11.1 Avklaring av omgrep</b>	<b>11.1 Avklaring av omgrep</b> <b>Beredskapsplan:</b> Beredskapsplanen skal gjennom analyse klargjere behov for eventuell styrking av beredskap i området som må til for å handtere dei oppgåver kommunal beredskap må forvente å kunne møte, som følgje av både bygging- og drift av Stad skipstunnel.

	<p><i>Styrking av beredskap kan inkludere, men er ikkje avgrensa til, materiell, mannskap, analysar, øving, sertifisering, drift- og vedlikehald, samt livssyklus kostnader. Kommunal beredskap er hovudsakleg knytt til brann- og redning, samt kommunal beredskap mot akutt ureining, uavhengig av om denne inngår i IUA-samarbeidet.</i></p>
<p><b>Kommunedirektøren si vurdering:</b>  I føresegn 11.1 er ulike dokument og omgrep definert. I reviderte føresegner er det gjort greie for dokumentet <i>beredskapsplan</i>.</p> <p>Kart: Utløyser ikkje endring av plankart.</p> <p>Kommunedirektøren vurderer at endringa handsamast som mindre endring i medhald av Plan- og bygningslova § 12-14 andre ledd.</p>	

Planføresegner	
Gjeldande føresegner	Forslag til reviderte føresegner
<p><b>11.2.2.1 Før det kan gjevast igangsettingsløyve skal følgjande ligge føre:</b></p> <p>a) Dokumentasjon på ivaretaking av kulturminne.</p> <p>b) Dokumentasjon på kartlegging av brønnar knytt til drikkevatt og energiproduksjon.</p> <p>c) Tiltaksplan for fjerning og skjøtsel av uønska artar.</p> <p>d) Plan for sikringstiltak nærare høg- og lågspentlinjer enn 30 meter etter føresegn 2.19 viss Gorgeneset skal nyttast til masseplassering.</p> <p>e) Dokumentasjon i medhald av føresegn 2.3.1 bokstav a) - e), godkjend av kommunen.</p> <p>f) Skjøtselsplan for vernskog som sikring for ras, godkjent av offentleg mynde.</p> <p>g) Gjennomføringsavtale med vegmynde for arbeid på offentleg veg eller for arbeid som direkte påvirker offentleg veg.</p> <p>h) Beredskapsplan for anleggsfasen, godkjend av kommunen.</p> <p>i) Teknisk plan for vatn, avløp og overvatn (VAO) i tråd med kommunal VAO norm, godkjent av kommunen.</p> <p>j) Gjennomføringsavtale med Stad kommune, knytt til utbyggingstiltak/tiltak på vatn, avlaup og overvatn i prosjektet.</p>	<p><b>11.2.2.1 Før det kan gjevast igangsettingsløyve skal følgjande ligge føre:</b></p> <p>a) Dokumentasjon på ivaretaking av kulturminne.</p> <p>b) Dokumentasjon på kartlegging av brønnar knytt til drikkevatt og energiproduksjon.</p> <p>c) Tiltaksplan for fjerning og skjøtsel av uønska artar.</p> <p>d) Plan for sikringstiltak nærare høg- og lågspentlinjer enn 30 meter etter føresegn 2.19 viss Gorgeneset skal nyttast til masseplassering.</p> <p>e) Dokumentasjon i medhald av føresegn 2.3.1 bokstav a) - e), godkjend av kommunen.</p> <p>f) Skjøtselsplan for vernskog som sikring for ras, godkjent av offentleg mynde.</p> <p>g) Gjennomføringsavtale med vegmynde for arbeid på offentleg veg eller for arbeid som direkte påverkar offentleg veg.</p> <p>h) Beredskapsplan for anleggsfasen, godkjend av kommunen.</p> <p>i) Teknisk plan for vatn, avløp og overvatn (VAO) i tråd med kommunal VAO norm, godkjent av kommunen.</p> <p>j) Gjennomføringsavtale med Stad kommune, knytt til utbyggingstiltak/tiltak på vatn, avlaup og overvatn i prosjektet.</p> <p>k) Belysningsplan for portalopningane <b>må vere godkjend av Stad kommune før det kan gjevast igangsetjingsløyve for utomhusarbeid.</b></p> <p>l) Landskapsplan i medhald av Designmanual for</p>

<p>k) Belysningsplan for portalopningane l) Landskapsplan i medhald av Designmanual for Stad skipstunnel revisjon 8, 04.07.2024, godkjent av kommunen. Planen skal vise endeleg opparbeiding av H1.1, H1.2, H1.3, KBA2.1 og KBA2.2, samt AVG, AVT og regulert rasteplass i reguleringsplan for Kjøde næringsområde, planID 2022013.</p>	<p>Stad skipstunnel revisjon 8, 04.07.2024, godkjent av kommunen. Planen skal vise endeleg opparbeiding av H1.1, H1.2, H1.3, KBA2.1 og KBA2.2, samt AVG, AVT og regulert rasteplass i reguleringsplan for Kjøde næringsområde, planID 2022013.</p>
<p><b>Kommunedirektøren si vurdering:</b> Bokstav k) er endra slik at det blir presisert at belysningsplanen for portalopningane må være godkjend av kommunen før det blir gitt løyve til igangsetting (IG) til <i>utomhusarbeider</i>. Denne endringa opnar for ei hensiktsmessig oppsplitting av søknadar om igangsetting (IG).</p> <p>Kart: Utløyser ikkje endring av plankart.</p> <p>Kommunedirektøren vurderer at endringa handsamast som mindre endring i medhald av Plan- og bygningslova § 12-14 andre ledd.</p>	

Planføresegner	
Gjeldande føresegner	Forslag til reviderte føresegner
<p><b>11.2.2.2 Før det kan gis igangsettingsløyve i Kjøde skal følgjande vere oppfylt:</b> a) Kryss fv.620/KV4565 må vere opparbeida for tiltak definert i pkt. 11.2.1 k). Opparbeiding må vere ferdig, godkjend av vegmynde og teke i bruk. b) Ved endra bruk av Kjøde grendahus skal følgjande tiltak vere opparbeida: KV1.11 med utbetra tilkomst inkludert nødvendig støttemur og tilhøyrande sideareal. c) Nytt høgdebasseng i Kjøde må vere opparbeida i medhald av godkjend teknisk plan for VAO av kommunen, og teke i bruk. d) Vassleidning frå Vanylven kommune må vere etablert, i medhald av godkjend teknisk plan for VAO av kommunen. e) Slokkevatn for anleggsfasen må vere etablert i medhald av godkjend VAO-rammeplan, godkjend teknisk plan for VAO og godkjend beredskapsplan. f) o_KV1.12, o_V1.2 og o_V1.4. Veg med tilhøyrande sideareal og fortau skal opparbeidast i medhald av kommunal vegnorm. g) Belysningsplan for portalopningane. h) Etablering av kryssing for dumpers, jf. vedtak frå Statens Vegvesen datert</p>	<p><b>11.2.2.2 Før det kan gis igangsettingsløyve i Kjøde skal følgjande vere oppfylt:</b> a) Kryss fv.620/KV4565 må vere opparbeida for tiltak definert i pkt. 11.2.1 k). Opparbeiding må vere ferdig, godkjend av vegmynde og teke i bruk. b) Ved endra bruk av Kjøde grendahus skal følgjande tiltak vere opparbeida: KV1.11 med utbetra tilkomst inkludert nødvendig støttemur og tilhøyrande sideareal. c) Nytt høgdebasseng i Kjøde må vere sikra opparbeida i medhald av godkjend teknisk plan for VAO av kommunen. d) Vassleidning frå Vanylven kommune må vere sikra opparbeida, i medhald av godkjend teknisk plan for VAO av kommunen. e) Godkjent løysing for slokkevann må dokumenterast samsvar med beredskapsplan f) o_KV1.12 med tilhøyrande sideareal og fortau skal opparbeidast i medhald av kommunal vegnorm. Snuplasser på o_V1.2 og o_V1.4 må vere opparbeida før KV4565 kan brytast. g) Belysningsplan for portalopningane må vere godkjend av Stad kommune før det kan gjevast igangsetjingsløyve for utomhusarbeider. h) Etablering av kryssing for dumpers, jf. vedtak frå Statens Vegvesen datert 02.05.24 og anleggsnotat. i) Ved utfylling av masser frå Stad skipstunnel innanfor områda BAA1-2 i Reguleringsplan for</p>

<p>02.05.24 og anleggsnotat.</p> <p>i) Ved utfylling av masser frå Stad skipstunnel innanfor områda BAA1-2 i Reguleringsplan for Kjøde, planID 2022013, må Berstad vassverk vere opparbeida eller sikra opparbeida.</p> <p>j) Nødvendige tiltak mot støy må vere gjennomført.</p> <p>k) Vatn og eventuelt andre naudsynte tiltak mot støv må vere tilgjengeleg.</p>	<p>Kjøde, planID 2022013, må Berstad vassverk vere opparbeida eller sikra opparbeida.</p> <p>j) Nødvendige tiltak mot støy må vere gjennomført.</p> <p>k) Vatn og eventuelt andre naudsynte tiltak mot støv må vere tilgjengeleg.</p>
---	---

**Kommunedirektøren si vurdering:**

Arbeidet med reguleringsplanar knytt til Stad skipstunnel har vore svært omfattande og ressurskrevjande for Stad kommune. Prosjektet skal gjennomførast som ei totalentreprise og kunnskap om nærare gjennomføring vil først ligge føre når entreprenør er vald.

I samband med detaljregulering for Stad skipstunnel er det utarbeidd ei rekkje dokument (som t.d VAO-rammeplan, teknisk funksjonsbeskrivelse, anleggsnotat, designmanual m.m) som skildrar og set rammer for korleis prosjektet Stad skipstunnel skal gjennomførast, og korleis skipstunnelen skal stå fram ved ferdigstilling.

Reguleringsplanen set i seg sjølv rammer, men det har i tillegg vore heilt avgjerande å få på plass rekkefølgekrav for å m.a sikre etablering av naudsynt infrastruktur. Utbyggingsavtalar med tilhøyrande gjennomføringsavtalar som er inngått, og som skal inngåast mellom Stad kommune og Kystverket, supplerer rekkefølgekrava, og sikrar gjennomføring og kostnadsdeling mellom dei nemnde partane.

I høyringsbrevet datert 18.03.2026 var kommunedirektøren negativ til å endre rekkefølgekrav c) og d) som er knytt etablering av høgdebasseng og sløkkevatn i Kjøde. Endringa omfattar at ein ved igangsetting skal sikre at tiltaka i c) og d) er sikra opparbeida, i staden for at tiltaka skal vere etablert og tekne i bruk. Dette inneber at tidspunkt for ferdigstilling av tiltaka i bokstav c) og d) vert forskyvd til mellombels bruksløyve og ferdigattest.

I løpet av høyringsperioden har kommunen gjennomført møte med Kystverket og plankonsulenten COWI for å avklare konsekvensane av å endre ordlyden i føresegna til «sikra» opparbeida. I lys av utbyggingsavtalar og pågåande arbeid med gjennomføringsavtalar mellom Stad kommune og Kystverket, har partane i møte 25.03.2026 og e-postutveksling i etterkant, kome til at kommunen kan imøtekome endring av c) og d) i planføresegn 11.2.2.2. I tillegg vert Kystverket sitt krav om å endre bokstav e) imøtekome. Endringar i høyringsbrevet går fram av raud skriftfarge, medan endringar til vedtak går fram av blå skriftfarge.

Med estimert kostnad som overskrider avsette løyvingar i Nasjonal transportplan, er det forståeleg og heilt venta at Kystverket ser etter kostnadsreducerande tiltak. Kommunedirektøren vil påpeike at å endre rekkefølgekrav c) og d) som nemnd ovanfor, kan medføre ei usikkerheit knytt til økonomi og prosjektgjennomføring.

Stad kommune har sidan oppstarten av nye reguleringsplanar knytt til Stad skipstunnel i 2022, freista å rigge kommunen for samferdsleprosjektet. Prosjektet og infrastrukturtiltaka er prioritert inn i kommunale tiltaksplanar for vatn, avløp og overvatn. Kommunen vil også i sine driftsplanar legge til rette for gjennomføring av infrastrukturtiltaka i medhald av utbyggingsavtalar, men iverksetting kan ikkje skje før ein veit om og når tunnelprosjektet vert igangsett.

## Konklusjon:

Etter kommunedirektøren si vurdering kan endring av rekkefølgekrava c) til g) gjerast som ei mindre endring i medhald av Plan- og bygningslova § 12-14 andre ledd. Det er viktig at ein gjennom dei einskilde reguleringsplanane knytt til Stad skipstunnel, sikrar framdrift i høve søknadsprosess og gjennomføring av anleggsarbeida.

Planføresegner	
Gjeldande føresegner	Forslag til reviderte føresegner
<p><b>11.2.3.2 Før det kan gis igangsettingsløyve ved Moldefjorden skal følgjande vere oppfylt:</b></p> <p>a) Eidekrysset, fv. 618 mellom Seljevegen og Mannseidet, må vere opparbeida med sideareal og fortau i samsvar med reguleringsplanen, godkjent av vegmynde og teke i bruk.</p> <p>b) Viss anleggstrafikk skal følgje dagens køyreveg (v) må det etablerast møteplassar mellom Eidekrysset og skipstunellen, jfr. anleggsnotatet.</p> <p>c) Ved utfylling av masser frå Stad skipstunnel innanfor områda BAA1-2 i Reguleringsplan for Lesto, planID 2022014, må Berstad vassverk vere opparbeida eller sikra opparbeida.</p> <p>d) Nytt høgdebasseng på Berstad må vere opparbeida i medhald av godkjend VAO-rammeplan, godkjend teknisk plan for VAO og godkjend beredskapsplan.</p> <p>e) Sløkkevatn for anleggsfasen må vere etablert i medhald av godkjend VAO-rammeplan, godkjend teknisk plan for VAO og godkjend beredskapsplan.</p> <p>f) Nødvendige tiltak mot støy må vere gjennomført.</p> <p>g) Vatn og eventuelt andre naudsynte tiltak mot støy må vere tilgjengeleg.</p> <p>h) Støyreducerande tiltak for bustad i Seljevegen 3435 (gbnr. 264/4) må vere opparbeida før det kan gis igangsettingsløyve til øvrige tiltak.</p>	<p><b>11.2.3.2 Før det kan gis igangsettingsløyve ved Moldefjorden skal følgjande vere oppfylt:</b></p> <p>a) Det må vere gjennomført tiltak i Eidekrysset, fv. 618 mellom Seljevegen og Mannseidet, som betrar trafikktryggleiken i krysset, tiltaka må vere godkjent av vegmynde og teke i bruk.</p> <p>b) Viss anleggstrafikk skal følgje dagens køyreveg (v) må det etablerast og møteplassar mellom Eidekrysset og skipstunellen, jf. anleggsnotatet.</p> <p>c) Ved utfylling av masser frå Stad skipstunnel innanfor områda BAA1-2 i Reguleringsplan for Lesto, planID 2022014, må Berstad vassverk vere opparbeida eller sikra opparbeida.</p> <p>d) Nytt høgdebasseng på Berstad må vere sikra opparbeida i medhald av godkjend VAO-rammeplan, godkjend teknisk plan for VAO og godkjend beredskapsplan.</p> <p>e) Godkjent løysing for sløkkevatn må dokumenterast i samsvar med beredskapsplan.</p> <p>f) Nødvendige tiltak mot støy må vere gjennomført.</p> <p>g) Vatn og eventuelt andre naudsynte tiltak mot støy må vere tilgjengeleg.</p> <p>h) Støyreducerande tiltak for bustad i Seljevegen 3435 (gbnr. 264/4) må vere opparbeida før det kan gis igangsettingsløyve til øvrige tiltak.</p>
<p><b>Kommunedirektøren si vurdering:</b></p> <p>Bokstav a) knytt til rekkefølgekrav i Eidekrysset vert endra sidan fylkeskommunen ikkje har til intensjon å iverksette utbetring av Eidekrysset no, men avgrensar seg til å erstatte betongrekkverk med søylerekkverk i stål. Dette tiltaket vil etter fylkeskommunen som vegmynde si vurdering gje tilstrekkeleg sikt i krysset. jf. notat knytt til brev frå Vestland fylkeskommune datert 09.03.2026.</p> <p>Med bakgrunn i brev frå Vestland fylkeskommune datert 09.03.2026, vurderer kommunedirektøren at endringa i bokstav a) kan sjåast som mindre i medhald av Plan – og</p>	

bygningslova § 12-14 andre ledd.

Bokstav d) og e): Viser til kommunedirektøren si vurdering for føresegn 11.2.2.2 over.

Etter kommunedirektøren si vurdering kan endring av rekkefølgekrava d) og e) gjerast som ei mindre endring i medhald av Plan- og bygningslova § 12-14 andre ledd.

Planføresegner	
Gjeldande føresegner	Forslag til reviderte føresegner
<p><b>11.2.4 Mellombels bruksløyve / ferdigattest</b> <b>Før det kan gis mellombels bruksløyve / ferdigattest skal følgjande vere oppfylt:</b></p> <p>a) ATV og AVG skal vere opparbeida i medhald av godkjent landskapsplan.</p> <p>b) o_V1.3 , o_V1.3s, o_GG1.2 og H1.2b. Veg med tilhøyrande sideareal og fortau skal vere opparbeida i medhald av kommunal vegnorm.</p> <p>c) H1.2 skal vere opparbeida i medhald av godkjent landskapsplan. På H1.2 må det vere sikra eit område for evakuering med ein samla storleik på 1 daa. Arealet kan ikkje nyttast til lagring eller utbygging.</p> <p>d) UNB1.1 og UNB1.2 skal vere opparbeida, klart til utbygging.</p> <p>e) O_KAI1.2 skal vere opparbeida som regulert.</p> <p>f) O_GG1.1 med sideareal skal vere ferdig opparbeida som regulert.</p> <p>g) H1.3 og o_KAI1.1 skal vere opparbeida i medhald av godkjent landskapsplan. Nærmiljøanlegget skal innehalde gapahuk, utescene og speleflate i medhald av Designmanual revisjon 8, 04.07.2024. På H1.3 må det vere sikra eit område for evakuering med ein samla storleik på 1 daa. Arealet kan ikkje nyttast til lagring eller utbygging.</p> <p>h) o_V1.6, o_V1.6s, o_GG1.3, o_KV1.8 og o_KV1.9. Veg med tilhøyrande sideareal og fortau skal vere opparbeida i samsvar med kommunal vegnorm.</p> <p>i) På KBA2.2 må vere opparbeida i medhald av godkjent landskapsplan. Det må vere sikra eit område for evakuering med ein samla storleik på 1 daa. Arealet kan ikkje nyttast til lagring eller utbygging.</p> <p>j) Rasteplass, o_RP, med tilhøyrande avkøyring må vere ferdig opparbeida som</p>	<p><b>11.2.4 Mellombels bruksløyve / ferdigattest</b> <b>Før det kan gis mellombels bruksløyve / ferdigattest skal følgjande vere oppfylt:</b></p> <p>a) ATV og AVG skal vere opparbeida i medhald av godkjent landskapsplan.</p> <p>b) o_V1.3 , o_V1.3s og o_GG1.2. Veg med tilhøyrande sideareal og fortau skal vere opparbeida i medhald av kommunal vegnorm.</p> <p>c) H1.2 skal vere opparbeida i medhald av godkjent landskapsplan. På H1.2 må det vere sikra eit område for evakuering med ein samla storleik på 1 daa. Arealet kan ikkje nyttast til lagring eller utbygging.</p> <p>d) UNB1.1 og UNB1.2 skal vere opparbeida, klart til utbygging.</p> <p>e) O_GG1.1 med sideareal skal vere ferdig opparbeida.</p> <p>f) H1.3, o_KAI1.1 og o_KAI1.2 skal vere opparbeida i medhald av godkjent landskapsplan. Nærmiljøanlegget skal innehalde gapahuk, utescene og speleflate i medhald av Designmanual revisjon 8, 04.07.2024. På H1.3 må det vere sikra eit område for evakuering med ein samla storleik på 1 daa. Arealet kan ikkje nyttast til lagring eller utbygging.</p> <p>g) o_V1.6, o_V1.6s, o_GG1.3, o_KV1.8 og o_KV1.9. Veg med tilhøyrande sideareal og fortau skal vere opparbeida i samsvar med kommunal vegnorm.</p> <p>h) På KBA2.2 må vere opparbeida i medhald av godkjent landskapsplan. Det må vere sikra eit område for evakuering med ein samla storleik på 1 daa. Arealet kan ikkje nyttast til lagring eller utbygging.</p> <p>i) Rasteplass, o_RP, med tilhøyrande avkøyring må vere ferdig opparbeida som regulert i reguleringsplan for Kjøde næringsområde, planID 4649_2022013, i medhald av godkjent landskapsplan og basert på Designmanual for Stad skipstunnel revisjon 8, 04.07.2024.</p> <p>j) Bruløysing fv. 618 med tilhøyrande sideareal skal vere opparbeida i medhald av</p>

regulert i reguleringsplan for Kjøde næringsområde, planID 4649\_2022013, i medhald av godkjent landskapsplan og basert på Designmanual for Stad skipstunnel revisjon 8, 04.07.2024.

k) Bruløysing fv. 618 med tilhørende sideareal og fortau skal vere opparbeida i medhald av gjennomføringsavtale med Vestland fylkeskommune.

l) O\_V2.3, o\_V2.4, o\_V2.3s og o\_GG2. Veg med tilhørende sideareal og fortau skal vere opparbeida i samsvar med kommunal vegnorm.

m) På KBA2.2 må vere opparbeida i medhald av godkjent landskapsplan. Det må i tillegg vere sikra eit område for evakuering med ein samla storleik på 1 daa. Arealet kan ikkje nyttast til lagring eller utbygging.

n) o\_KAI2.1 og o\_KAI2.2. o) KBA2.1 skal vere ferdig opparbeida i medhald av godkjent landskapsplan, under dette med vegsystem, snuplass, gangveg og parkeringsplass. Det skal leggst til rette for utbygging. Materialval skal vere i medhald av Designmanual for Stad skipstunnel, datert 04.07.2024.

På KBA2.1 må det i tillegg vere sikra eit område for evakuering med ein samla storleik på 1 daa. Arealet kan ikkje nyttast til lagring eller utbygging.

p) O\_V2.2, O\_v2.2s, o\_GG2.1 og KV2.2. Veg med tilhørende sideareal og fortau skal vere opparbeida i samsvar med kommunal vegnorm.

q) Parkeringsplass til fritidseigedom FBF2.1 skal vere opparbeida.

r) Tilkomst til gbnr. 266/4 skal vere opparbeida i medhald av kommunal vegnorm.

s) Beredskapsplan for driftsperioden, godkjend av kommunen.

t) Berstadvatn vassverk må vere opparbeida og teke i bruk.

u) Sløkkevatn til skipstunnelen med tilhørende anlegg for driftsfasen må vere etablert i medhald av godkjend VAO-rammeplan, godkjend teknisk plan for VAO og godkjend beredskapsplan.

v) H1.2, H1.3, KBA2.1 og KBA2.2 skal vere tilrettelagt med byggeklar infrastruktur til tomtegrensa. Dette inkluderer straum, fiber, veg, vatn, sløkkevatn og avlaup, med tilhørende leidningsnett

gjennomføringsavtale med Vestland fylkeskommune.

k) O\_V2.3, o\_V2.4, o\_V2.3s og o\_GG2.2. Veg med tilhørende sideareal og fortau skal vere opparbeida i samsvar med kommunal vegnorm.

l) På KBA2.2 må vere opparbeida i medhald av godkjent landskapsplan. Det må i tillegg vere sikra eit område for evakuering med ein samla storleik på 1 daa. Arealet kan ikkje nyttast til lagring eller utbygging.

m) KBA2.1 skal vere ferdig opparbeida i medhald av godkjent landskapsplan, under dette med vegsystem, snuplass, gangveg og parkeringsplass. Det skal leggst til rette for utbygging.

Materialval skal vere i medhald av Designmanual for Stad skipstunnel, datert 04.07.2024.

På KBA2.1 må det i tillegg vere sikra eit område for evakuering med ein samla storleik på 1 daa. Arealet kan ikkje nyttast til lagring eller utbygging.

n) O\_V2.2, O\_v2.2s, o\_GG2.1 og KV2.2. Veg med tilhørende sideareal og fortau skal vere opparbeida i samsvar med kommunal vegnorm.

o) Parkeringsplass til fritidseigedom FBF2.1 skal vere opparbeida.

p) Tilkomst til gbnr. 266/4 skal vere opparbeida i medhald av kommunal vegnorm.

q) Beredskapsplan for driftsperioden, godkjend av kommunen.

r) Berstad vassverk med høgdebasseng, høgdebasseng på Kjøde, og vassleidning frå Vanylven kommune må vere opparbeida og teke i bruk.

s) Sløkkevatn til skipstunnelen med tilhørende anlegg for driftsfasen må vere etablert i medhald av godkjend VAO-rammeplan, godkjend teknisk plan for VAO og godkjend beredskapsplan.

t) H1.2, H1.3, KBA2.1 og KBA2.2 skal vere tilrettelagt med byggeklar infrastruktur til tomtegrensa. Dette inkluderer straum, fiber, veg, vatn, sløkkevatn og avlaup, med tilhørende leidningsnett dimensjonert for framtidig utbygging innanfor arealformåla, og i medhald av godkjend VAO-rammeplan og godkjend teknisk plan for VAO. **Kravet gjeld ikkje eventuell reinsing av spillvatn knytt til framtidig utbygging.**

u) Infrastruktur som nemnd i punktet over skal også vere opparbeida fram til BAA1 og BAA2 i reguleringsplan for Kjøde næringsområde, planID 2022013, og for BAA1 og BAA2 i

<p><i>dimensjonert for framtidig utbygging innanfor arealformåla og i medhald av godkjent VAO-rammeplan og godkjend teknisk plan for VAO.</i></p> <p><i>w) Infrastruktur som nemnd i punktet over skal også vere opparbeida fram til BAA1 og BAA2 i reguleringsplan for Kjøde næringsområde, planID 2022013, og for BAA1 og BAA2 i reguleringsplan for Lesto næringsområde, planID 2022014.</i></p> <p><i>x) Sikringsvoll innafor #1 skal være etablert/ferdigstilt i samsvar med føresegn 4.2.</i></p>	<p><i>reguleringsplan for Lesto næringsområde, planID 2022014.</i></p> <p><i>v) Sikringsvoll innafor #1 skal være etablert/ferdigstilt i samsvar med føresegn 4.2.</i></p>
<p><b>Kommunedirektøren si vurdering:</b></p> <p>Kommunedirektøren opnar for at føresegn b), e), f), m) og t) kan endrast i medhald av Plan- og bygningslova § 12-14 andre ledd.</p>	

### **Vurdering:**

Kommunedirektøren har med utgangspunkt i innhaldet i Prop.149 L (2015-2016) [Artikkel](#) , departementet si rettleiing til reguleringsplanar og generell rettleiing til Plan- og bygningslova, vurdert at ei rekkje av framlagde endringspunkt kan handsamast etter forenkla prosess i medhald av Plan- og bygningslova § 12-14 andre ledd. Vurderinga er teken med bakgrunn i prosessen kring Stad skipstunnel, oppdatert kunnskapsgrunnlag, og avklaringar med COWI som plankonsulent og Kystverket som utbygger.

Søknaden med kommunen si vurdering har i perioden 19.03-17.04.2026 vore på høyring til sektorstyresmakter, naboar og grunneigarar som er direkte påverka. Det kom inn merknad frå Hovden Senior AS. I tillegg har Statsforvaltaren, Statens vegvesen, NVE, Mattilsynet og Vestland fylkeskommune kome med fråsegner. Fråsegner og innkomne merknadar er referert og vurdert i dokumentet *Detaljregulering for Stad skipstunnel – Mindre endring av reguleringsplan i medhald av Plan- og bygningslova § 12-14 - Vurdering av innkomne merknadar, datert 27.04.2026*. I det følgjande vil kommunedirektøren gjere greie for nokre av fråsegnene:

### Statsforvaltaren, 16.04.2026:

Under følgjer utdrag av Statsforvaltaren si fråsegn. Heile fråsegna følgjer som vedlegg til saka.

*Vi går ikkje inn i konkrete vurderingar av interessekonfliktar og tek heller ikkje stilling til saksbehandlingsmåten i denne saka. Kommunen er ansvarleg for å vurdere om endringane vil kunne gje uheldige verknadar for alle aktuelle interesser, og om dei føreslegne planendinga ligg innanfor det som kan behandlast gjennom ein enklare prosess etter pbl. § 12-14.*

*Vi har samtidig nyleg fått varsel om oppstart av det nemnde arbeidet med ein ordinær revisjon av reguleringsplanen for Stad skipstunnel på høyring. I staden for å handsame nokre av dei aktuelle justeringane som mindre endring, vil vi rå til at alle dei aktuelle endringane heller vert vurderte og avklart samla i ein felles prosess, i det no oppstarta arbeidet etter pbl § 12-14 første ledd. Verknadene av alle dei komande endringane kan då sjåast og avklarast samla.*

Stad kommune er i utgangspunktet samd med Statsforvaltaren i at alle planendingar burde vore samla i planrevisjon i medhald av Plan- og bygningslova § 12-14 første ledd, og ønsker i det følgjande å forklare bakgrunnen for kommunedirektøren si vurdering i saka:

Kystverket har samband med arbeidet med rammesøknad avdekka forhold som er uklare i reguleringsplanar knytt til Stad skipstunnel, og for å unngå omfattande dispensasjonsbehandlinger,

vel Kystverket å søke om endring av reguleringsplanane i medhald av Plan- og bygningslova § 12-14.

Som det går fram av høyringsbrevet, har kommunen vurdert om kvart einskild endringspunkt kan handsamast etter forenkla prosess etter § 12-14 andre ledd, eller om endringspunktet er så omfattande at den bør inngå i planrevisjon etter § 12-14 første ledd. I tillegg har kommunen vurdert om endringane samla sett er større enn det planendring etter forenkla prosess i medhald av Plan- og bygningslova § 12-14 andre ledd opnar for.

Stad skipstunnel er eit omfattande samferdsleprosjekt og det er venta behov for å tilpasse planane i høve prosjektgjennomføringa. Kommunedirektøren vurderer at fleire av punkta i søknad om mindre endring kan handsamast som mindre i medhald av Plan- og bygningslova § 12-14 andre ledd, under føresetnad av at det ikkje ligg føre særlege merknadar frå sektorstyresmaktene, naboar eller grunneigarar som vert direkte påverka av planendringa *eller når endringene i liten grad vil påvirke gjennomføringen av planen for øvrig, ikke går utover hoveddrammene i planen, og heller ikke berører hensynet til viktige natur- og friluftsområder.*

Kommunen har hatt god dialog med grunneigarar og naboar til planområdet, og med unntak til fråsegna frå Statsforvaltaren, ligg det ikkje føre vesentlege merknadar til planendringa. Vi oppfattar ikkje fråsegna frå Statsforvaltaren som ei motsegn. Med dette bakteppet, vert planendring etter forenkla prosess i medhald av Plan- og bygningslova § 12-14 andre ledd slutført. Dette vil sikre framdrifta for samferdsleprosjektet og handsaming av rammeløyve i tråd med plan.

#### Vestland fylkeskommune, datert 25.03.2026:

Under følgjer utdrag av Vestland fylkeskommune si fråsegn. Heile fråsegna følgjer som vedlegg til saka.

*Viser til ovanfornemnde sak dagset 18.3.26. Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regional kulturmiljøstyresmakt. Føreslege midlertidig bygge- og anleggsområde grensar til automatisk freda kulturminne ID 298117. Kulturminnet er ei dyrkingsflate datert til 315-204 f.Kr. som er førromersk jernalder. For å unngå uønskt skade på kulturminnet når midlertidig bygge- og anleggsområde er i bruk må fylgjande tekst må fylgjande tekst inkorporerast i føresegna:*

*«For å sikre kulturminne ID 298117 frå utilsikta skade under anleggsperioden skal:*

- Tiltakshavar gjerde inn og tydeleg markere kulturminne, før og under anleggsperioden.*
- Utførande entreprenør må informeres om kulturminnes utbreiing og fredningsstatus.*
- Anleggsarbeid må ikkje medfører køyring på eller lagring/mellomlagring av maskiner, utstyr, masser eller anna materiell på kulturminne».*

Teksten er innarbeidd i planføresegn 2.1. Sjå endra føresegn under der endringa går fram av blå skriftfarge:

#### **2.1 Sikring av kulturminne**

Dersom det i samband med gravearbeid kjem fram funn, gjenstandar, konstruksjonar eller kulturminne vert oppdaga i samband med gravearbeid, skal arbeidet straks stansast og fylkeskonservatoren få melding for ei nærare gransking på staden, jf. Kulturminnelova § 8, 2. ledd.

Dersom ein finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne under arbeid i sjøområde, skal arbeidet under vatn strakst stansast, og tiltakshavar må informere Bergen sjøfartsmuseum om dette.

**For å sikre kulturminne ID 298117 frå utilsikta skade under anleggsperioden skal:**

- Tiltakshavar gjerde inn og tydeleg markere kulturminne, før og under anleggsperioden.**
- Utførande entreprenør må informeres om kulturminnes utbreiing og fredningsstatus.**
- Anleggsarbeid må ikkje medfører køyring på eller lagring/mellomlagring av maskiner, utstyr, masser eller anna materiell på kulturminne.**

Før det blir sett i verk tiltak innanfor føresegningsområde #1.6, #1.5 og #1.4 skal det gjennomførast arkeologisk utgraving av dei automatisk freda kulturminna, Askeladden id. 298082 (#1.6), 298084 (#1.5) og 298119 (#1.4). Tiltakshavaren skal ta kontakt med Vestland fylkeskommune i god tid før tiltak etter planen skal gjennomførast, slik at omfanget av den arkeologiske granskninga kan fastsetjast. Sjå punkt 4.2.4, 4.2.5, 4.3.1, 8.1 og 8.3.

Eksisterande bakkemurar i Kjøde skal bevarast så langt det er mogleg, og integrerast i anlegget. Må murar fjernast midlertidig under anleggsperioden skal dei rehabiliterast til original stand. Grunneigar skal inkludert i arbeidet.

Fråsegna frå Vestland fylkeskommune er imøtekomen.

#### Hovden Senior AS, datert 25.03.2026:

*Hovden Senior AS er eigar av eigedom 202/30 og næringsområdet/kai som er omtala i reguleringsplanen som KBA1.1 og Kai 1.3 i Kjøde. Innspelet gjeld spesielt bruken av Kai 1.3, samt HOS 1.1 (havneområdet i sjø framfor kaia). Hovden Senior AS har i løpet av hausten 2025 kjøpt ytterligare ein stor kystfiskebåt, og behovet for å bruke både KBA 1.1, Kai 1.3, samt HOS 1.1 har difor auka betydelig. Dette gjeld både landareal/lager, kai inklusive landstraum for begge fartøya i kortare og lenger periodar, samt tilkomst til kai frå både sjø og veg. Spesielt har behovet for å lagre utstyr til fartøya auka. Det samme gjeld kaiareal med tilgang til nok landstraum til begge båtane (som no er nær dobla). Hovden Senior AS ber difor Stad kommune om å fjerne begrensingar for bruk av både kai 1.3 og HOS 1.1 i reguleringsplanen, slik at Hovden Senior AS kan drifte reiarlaget best mulig i åra framover, med størst mulig forutsigbarhet. Evt. begrensingar for bruk av området i sjøen framfor kaia i perioder knytta til bygginga av Stad skipstunnel kan avtalast mellom Hovden Senior AS og entreprenør/ Kystverket. Til sist vil Hovden Senior igjen fremme forslag til Stad kommune og Kystverket om å trekke molo-arm fra H1.2 lenger unna Kai 1.3, og i staden for vinkle molo-armen utover i sjø nærmere H 1.2. Dette forslaget vil sikre Kai 1.3 og området til småbåthavn tilstrekkelig beskyttelse mot båttrafikk fra tunnelen, samtidig som det ikkje begrensar Hovden Senior AS sine muligheter for framtidig vekst og utviding av kaiområdet i Kjøde.*

Kommunedirektøren vurderer at tiltaka som er omtalt i dykkar innspel er større enn det mindre endring etter pbl. § 12-14 andre ledd opnar for. Det er gjennomført møte med Hovden Senior 28.04.2026 for å avklare vidare prosess. Kystverket opnar for å vurdere merknaden frå Hovden Senior AS i samband med varsla planprosess i medhald av Plan- og bygningslova § 12-14 første ledd. Hovden Senior AS er med bakgrunn i signal frå Kystverket, bedd om å sende inn innspelet på nytt til varsel om oppstart av endring av detaljregulering for Stad skipstunnel.

#### Konsekvensar for miljø og landskap:

Vurdering av naturmangfaldlova:

Viser til vurdering av barn og unge sine interesser i vedtakssak for detaljregulering for Stad skipstunnel, KS 24/139. Mindre endring av detaljregulering for Stad skipstunnel vil ikkje få konsekvensar som endrar kommunen si vurdering:

Etter § 1 er føremålet med naturmangfaldlova at: «naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur.» Naturmangfald vert etter naturmangfaldlova § 3 bokstav i, definert som «biologisk mangfold, landskapsmessig mangfold og geologisk mangfold, som ikkje i det alt vesentlige er et resultat av menneskers påvirkning».

Biologisk mangfald er mangfaldet av økosystem, artar og genetiske variasjonar innanfor artar og økologiske samanhengar mellom desse. Forvaltningsmålet for økosystem og naturtypar går fram av § 4, medan forvaltningsmål for artar går fram av § 5. Felles for begge forvaltningsmåla er å ivareta

artar, naturtypar og økosystem i dei områda dei høyrer heime. Alle har etter § 6 ei generell aktsemdsplik for å unngå skade på naturmangfaldet i strid med måla i §§ 4 og 5. Minimumskrava i kapittel II skal alltid vere oppfylt (jf. brev frå Det kongelige miljøverndepartement datert 06.10.2011). I detaljregulering for Stad skipstunnel er det gjort grundig greie for naturmangfaldet i planomtalen. Temaet naturmangfald er knytt til terrestriske (landjorda), limniske (ferskvatn) og marine system. Data for naturmangfald land er henta frå KU temarapport naturmangfald utarbeidd av Asplan Viak i samband med gjeldande områdeplan. Multiconsult har gjennomført ei oppdatert vurdering av kva konsekvensar planlagde tiltak vil kunne ha for marint biologisk naturmangfald i sjø. Registreringar har gitt ny og auka kunnskap om naturmangfald i sjø i Moldefjorden og Kjødepollen, og informasjon om registreringar av marint naturmangfald går fram av rapport 10226827-01-RIM-RAP-002 - Konsekvensutredning marint naturmangfald, utarbeidd av Multiconsult. Vidare ligg det føre KU temarapport Naturmangfald på land, utarbeidd av Asplan Viak. Det er ifølgje offentlege databasar som t.d. Miljødirektoratets naturbase, ikkje registrert nye naturtypar eller naturmangfald sidan 2017. Ifølgje Artsdatabanken sitt artskart er det registrert ein observasjon av Grønfinnk (VU) i Kjødepollen i 2019 (jf. Planomtalen s. 24) (jf. KS 24/139).

#### Konsekvensar av omsøkt endring:

Planendringa medfører endringar i plankart og føresegner som skildra i tabellane over. Det vert vist til kommunedirektøren si vurdering av kvart endringspunkt i tabellane over.

Barn og unge sine interesser:

Viser til vurdering av barn og unge sine interesser i vedtakssak for detaljregulering for Stad skipstunnel, KS 24/139. Mindre endring av detaljregulering for Stad skipstunnel vil ikkje få konsekvensar som endrar kommunen si vurdering:

*Barn og unge sine interesser er gjort greie for i planomtalen kap. 8.13. I anleggsfasen for Stad skipstunnel vil det vere avstengde område der ein ikkje kan ferdast og som medfører avgrensingar for aktivitet området. Det er krav om sikring av byggeområdet i anleggsfasen som skal hindre at barn kjem seg inn på anleggsområdet og skadar seg. Barn og unge som følgjer skuleskyss vil potensielt bli utsett for meir trafikk i den tida dei ventar på skuleskyss og kjem heim igjen. Etter anleggsfasen vil born og unge i liten grad bli påverka. Dei vil få eit betre gang- og sykkelsamband som følgje av at dette blir etablert. Planen legg vekt på å skape møteplassar i portalområda og det har vore særleg viktig for både Kystverket og Stad kommune å gi noko tilbake til bygdene Kjøde og Moldefjorden etter at ei lang anleggsperiode er avslutta og skipstunnelen skal over i driftsfasen. I portalområde nord i Kjøde vert det i tråd med innspel frå folkemøte, lagt til rette for nærmiljøanlegg med gapahuk og utescene m.m. Nærmiljøanlegget skal vere ferdigstilt ved søknad om mellombels bruksløyve eller ferdigattest. I portalområde sør i Kjøde vert det planlagt småbåthamn med båtslepp m.m. Dei to portalområda skal bindast saman med gangsamband etter at den kommunale vegen vert broten.*

#### Konklusjon

I administrativt deleringsreglement datert 14.01.2020, er kommunedirektøren sitt mynde delegert til einingsleiar for Plan- og forvaltning for:

1. Fullmakt til å handsame dispensasjonar frå plan- og bygningslova, vedtekter og forskrifter, og frå arealdelen til kommuneplanen og reguleringsplanar så langt dette er kurante ja- eller neisaker
2. Fullmakt til å gjere mindre endringar i reguleringsplan jf §12-14 2. ledd
3. Fullmakt til å utøve mynde i byggjesaker etter kap 20-32, med unntak av § 32-3 til 32-9.

Søknad om mindre endring av detaljregulering for Stad skipstunnel er handsama i medhald av kommunen sitt administrative delegeringsreglement og Plan- og bygningslova. Vedtak om mindre endringar av detaljreguleringsplanar er delegert til kommunedirektøren på visse vilkår, men sidan Stad skipstunnel er eit omfattande samferdsleprosjekt med verknadar for den kommunale drifta,

vert saka lagt fram for Stad formannskap som planmynde for vedtak.

Kommunedirektøren si vurdering og konklusjon for dei einskilde endringspunkta går fram av tabellane over. Kommunedirektøren vurderer at fleire av punkta i søknad om mindre endring kan handsamast som mindre i medhald av Plan- og bygningslova § 12-14 andre ledd, under føresetnad av at det ikkje ligg føre særlege merknadar frå sektorstyresmaktene, naboar eller grunneigarar som vert direkte påverka av planendringa eller *når endringene i liten grad vil påvirke gjennomføringen av planen for øvrig, ikke går utover hoveddrammene i planen, og heller ikke berører hensynet til viktige natur- og friluftsområder.*

Kommunedirektøren har etter ei samla vurdering konkludert med at nokre av punkta i endringsøknaden fell inn under Plan- og bygningslova § 12-14 første ledd som inneber planendring etter same reglane som for utarbeiding av ny plan. Kystverket har varsla planrevisjon i medhald av Plan- og bygningslova § 12-14 første ledd og desse endringspunkta bør heller vurderast i denne planprosessen.

#### **Økonomisk berekraft:**

*«Det skal iht. plan- og bygningslovgivningen og kommunens gebyrreglement ikke betales gebyr til kommunen for dens behandling av forslag til områdeplan. For øvrig gjelder plan- og bygningslovgivningen og kommunens gebyrreglement», jf. avtalen mellom Kystverket og Stad kommune.*

#### **Sosial berekraft:**

Saka om mindre endring av detaljregulering for Stad skipstunnel har ingen direkte konsekvens for sosial berekraft.

#### **Miljømessig berekraft:**

Sjå avsnitt om vurdering av Naturmangfaldlova over.